




NARKOTIKASTATISTIKK 1. HALVÅRET 2019

Generell saksutvikling

For første gong sidan 2014 har talet på narkotikasaker auka samanlikna med tidlegare år. I det første halvåret er det registrert 12 945 narkotikasaker¹, som er 8,5 % fleire saker enn i same periode i fjor.

Saksutvikling 1. halvår



Definisjonar

Ved Kripos nyttar vi desse definisjonane:

Sak:

Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Sakstalet tek ikkje omsyn til den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetjing og innførsel. Det betyr at eitt og same høve kun er registrert som ei sak ved Kripos.

Beslag:

I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på ulike stader og tidspunkt. Delpakkar med ein og same stofftype regner ein derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tid og stad.

¹ Sak: Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Talet på saker er uavhengig av den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetnad og innførsel. Det betyr at ei og same straffbare handling berre er registrert som éi sak ved Kripos.


Dei viktigaste utviklingstrekk

- Auke i talet på narkotikasaker for første gong sidan 2014
- Hasj blir stadig oftare beslaglagd og har høgare styrkegrad
- Oftare beslag av store mengder kokain
- Store mengder av det opioidholdige legemiddelet tramadol
- Nedgangen i beslag av NPS held fram

Beslagsutvikling for dei enkelte stoffgruppene

Utviklinga i talet på beslag² og beslaglagd mengd for enkelte stoffgrupper er kommentert i tekst og vist i diagram under.

Fordeling etter tal av beslag



² Beslag: I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på forskjellige stader og på ulike tidspunkt. Delpakningar med ein og same stofftype reknar vi derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tida og same staden.

Tala er ikkje heilt sikre. Det er fordi om lag 2/3 av narkotikasakene er mindre saker som blir avgjorde med førelegg, utan at stofftypen er verifisert med analyse. Fleire beslag var heller ikkje ferdig analyserte på publiseringstidspunktet. Der vi ikkje har analysedata, er omtrentleg mengd og truleg stofftype registrert og lagd til grunn for statistikken. Sjølv om dataa ikkje vil vere heilt presise, har det ingen innverknad på utviklingstrekk.

Cannabis – store mengder hasj og høg styrkegrad

Første halvåret 2019 er det beslaglagt om lag 1 800 kg cannabisprodukt fordelt på 7 339 saker. Det totale talet på cannabisbeslag har auka med vel 10 % samanlikna med fjoråret. Det er hasjbeslaga som aukar, og auken er heile 23 % samanlikna med fjoråret. Hasj blir beslaglagt i nær halvparten av alle narkotikasaker. Beslaglagde mengder hasj er likevel lågare enn i 2018, men noko høgare enn i 2017.

Som elles i Europa³ har styrkegraden på cannabisprodukt vore kraftig aukande dei siste åra. Blant hasjbeslaga der styrkegraden er fastsett, er snittet for det siste halvåret 31 % THC, men ein finn store variasjonar, frå 1 % til 46 %.

Amfetamin/metamfetamin – amfetamin dominerer, men mengdene er mindre enn på mange år

Det er beslaglagt 129 kg amfetamin/metamfetamin fordelt på 2 600 beslag. Mengdene har ikkje vore lågare sidan 2011, men talet på beslag er på same nivå som dei to føregåande åra. Delen metamfetamin blir stadig mindre, og utgjør no berre 12 % av talet på amfetamin-/metamfetaminbeslag og 8 % av kvantumet.

Den gjennomsnittlege styrkegraden i amfetamin har auka noko og er på 29 % i første halvår, medan han i metamfetamin har gått den motsette vegen og er 30 %.

Kokain – mange beslag, store mengder og svært reint stoff

Første halvåret er det beslaglagt om lag 105 kg kokain fordelt på 777 beslag. Talet på kokainbeslag har auka jamt dei siste åra. Det siste året er auken på 10 %. Aldri tidlegare har ein gjort fleire beslag eller beslaglagt større mengder kokain det første halvåret.

Styrkegraden varierer mykje, frå 8 % til 95 %, men dei fleste beslaga er svært reine. Den gjennomsnittlege styrkegraden det første halvåret er 60 %.

Utviklinga for kokain som vi ser i Noreg, følgjer utviklinga i Europa totalt sett. Tal for Europa frå 2017, som førebels er dei sist publiserte⁴, viser både historisk mange beslag, rekordstore mengder og dei reinaste produkta målt på ti år.

3 Europeisk narkotikarapport Tendrar og utvikling 2019. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2019.

4 Europeisk narkotikarapport Tendrar og utvikling 2019. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2019.

Heroin – stabil beslagssituasjon

Det er beslaglagt 49 kg heroin fordelt på 354 beslag. Mengdene er større enn i fjor, men lågare enn i 2017. Talet på beslag er på same nivået som dei to føregåande åra.


Den gjennomsnittlege styrkegraden for heroin er 15 % hittil i år, det same som dei to føregåande åra.

Opioidhaldige legemiddel – store tramadolbeslag

Talet på beslag av opioidhaldige legemiddel aukar. Totalt er det gjort 545 beslag av opioidhaldige legemiddel det første halvåret. Spesielt er det beslaglagt store mengder tramadol det siste halvåret, totalt 565 000 tablettar fordelt på om lag 100 beslag. Av desse er det fem store innførselsaker, med 90 000–163 000 tablettar pr. sak. Tramadol er eit smertestillande opioid som er vanedannande og har misbrukspotensial. I Noreg er det klassifisert som reseptpliktig legemiddel, men fleire land, deriblant Sverige, har klassifisert tramadol som narkotika.

Bruken av sterke smertestillande middel som oksykodon og tramadol har auka vesentleg i Noreg dei siste åra⁵, og fleire døyr no av andre opioid enn av heroin⁶. Tramadol er sett i samanhang med ei rekke dødsfall i Europa⁷.

Opioidhaldige legemiddel - prosentvis fordeling etter tal beslag



5 <https://sykepleien.no/2018/06/kraftig-okning-i-bruk-av-smertestillende-opioider>, henta 08.08.19.

6 <https://www.fhi.no/nyheter/2018/narkotikautloste-dodsfall-2017/>, henta 08.08.19.

7 http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/11485/20193286_TD0319444ENN_PDF.pdf, henta 09.08.19.

MDMA – rekordstore mengder, men færre beslag

Første halvåret er det gjort 583 beslag av MDMA-tablettar, pulver og krystallinsk materiale. Det er 11 % færre beslag enn i same periode i 2018, men mengda beslaglagd MDMA har aldri vore større enn i 2019. Beslaga omfattar ca. 40 000 tablettar og ca. 8,5 kg MDMA-pulver og krystallinsk materiale. Pulveret og det krystallinske materialet utgjer ca. 72 000 tablettar med styrkegrad 100 mg.

MDMA-produkta er generelt svært reine, men det er også vesentlege variasjonar. Pulver og krystallinsk materiale har i gjennomsnitt ein styrkegrad på 88 %. Tablettane, som har ulike fargar, former og logoar, har generelt høgare styrke enn ved den første MDMA-toppen tidleg på 2000-talet. Den gongen var 100 mg MDMA/tablett ganske vanleg. I 2019 har innhaldet i tablettane i gjennomsnitt vore 187 mg MDMA/tablett. Høg og uføreseieleg styrkegrad i MDMA-produkta gjev auka risiko for overdose.

Ein internasjonal innsats mot utgangskjemikalium for produksjon av MDMA gjorde desse stoffa vanskeleg tilgjengelege rundt 2010. No som illegale produsentar, hovudsakleg i Nederland og Belgia, har funne nye produksjonsmetodar med bruk av uregulerte kjemikalium, har tilgangen på MDMA auka jamt dei siste åra, både i Noreg og i Europa elles⁸

LSD – svakt fallande beslagfrekvens

Det er beslaglagt 5 021 einingar LSD fordelt på 152 beslag. Etter ein kraftig auke i talet på LSD-beslag frå 2010 til 2016, har beslagfrekvensen sidan vore fallande. Første halvåret 2019 var det 7 % færre beslag enn i same periode i fjor.

Talet på beslaglagde einingar er derimot noko høgare enn i fjor.

Benzodiazepinar – fallande beslagfrekvens, men dobbelt så store mengder som i fjor

Det er beslaglagt 451 000 tablettar fordelt på 2 154 beslag. Nedgangen i beslagfrekvens som vi har sett dei siste åra, fortsett. Samanlikna med fjoråret er det 7 % færre beslag. Men dei beslaglagde mengdene er nesten dobbelt så store som i fjor, og ikkje sidan 2014 har vi sett større mengder i første halvåret. Klonazepamhaldige tablettar dominerer og utgjer 43 % av talet på beslag og vel halvparten av tablettane. Dei andre beslaga er i hovudsak diazepam og alprazolam.

8 Europeisk narkotikarapport Tendrar og utvikling 2019. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2019.

GHB/ GBL – færre beslag og mindre mengder

Det er beslaglagd 122 liter GHB/GBL fordelt på 311 beslag. Etter nokre år med ein kraftig auke i talet på GHB/GBL-beslag, har talet på beslag første halvår 2019 gått ned med 14 % samanlikna med fjoråret. Talet på beslag er likevel høgt sett i eit historisk perspektiv. Det er berre i første halvår 2018 ein har gjort fleire beslag. Beslaglagde mengder har likevel ikkje vore lågare sidan 2012.

Nye psykoaktive stoff (NPS) – nedgangen i NPS-beslag og talet på beslag av potente fentanylar held fram

Kategorien NPS omfattar rusgjevande stoff, i rein form eller blandingar, som ikkje er regulerte i FN's alminnelege narkotikakonvensjon av 1961 eller FN-konvensjonen om psykotrope stoff av 1971, men som kan vere like farlege for folkehelsa som stoff som er oppførde i desse konvensjonane. Ordet «ny» tyder ikkje at gruppa berre inneheld nyutvikla stoff, for fleire NPS har eksistert i mange år, men at stoffa relativt sett er nye på marknaden jamført med meir tradisjonelle stoff, og at dei ikkje er regulerte i konvensjonane over.⁹

Etter nokre år med kraftig beslagauke har det vore ein vesentleg nedgang i NPS-beslag dei siste åra. Første halvåret har ein gjort 63 beslag fordelte på fleire ulike stoff, men få beslag av dei einskilte stoffa. Ein ser derimot færre variantar enn tidlegare. Det som blir beslaglagt oftast (26 beslag) og i størst mengder, er diazepinar, der tablettar med verkestoffet diklazepam dominerer, både i talet på beslag og beslaglagde mengder. Andre NPS-beslag er hovudsakleg psykoaktivt plantemateriale (der kratom dominerer), katinon og fentanylbindingar.

Kripos har tidlegare åtvare mot potente fentanylforbindelsar som har dukka opp i nokre beslag dei siste tre åra. Fentanylar er sterke opioidhaldige stoff. Legemiddelet fentanyl blir brukt ved anestesi og til behandling av sterke, kroniske smerter, medan dei andre fentanylforbindelsane som er beslaglagde i Noreg, ikkje har ein legal bruk og er illegalt produserte for rusformål.

Fentanylforbindelsane er generelt svært potente, men det er store forskjellar mellom stoffa. Mens legemiddelet fentanyl er om lag 100 gonger meir potent enn morfin, er karfentanil om lag 10 000 gonger meir potent enn morfin¹⁰.

Fentanylforbindelsane finst i væskeform (augedråpe- og nasesprayflasker), pulver, tablettar og som LSD-liknande blotterpapiir. Fentanylar er i aukande grad årsaka til overdosedødsfall, spesielt i USA¹¹, men òg i Europa¹². I Noreg har det òg vore fleire dødsfall knytte til bruk av ulike fentanylanalogar, til tross for at det hittil har vore relativt få beslag her i landet.

Vi ser framleis desse forbindelsane, og det er framleis grunn til å åtvare mot dei. Omfanget av slike beslag er likevel lågt, ca. 10 beslag første halvår, og dei ser så langt ikkje ut til å auke.

9 https://www.unodc.org/documents/drugs/printmaterials2013/NPS_leaflet/WDC13_NPS_leaflet_EN_LORES.pdf, henta 09.08.19

10 <https://oslo-universitetssykehus.no/om-oss/nyheter/advareer-mot-stoffet-karfentanil>, henta 09.08.2019

11 <https://edition.cnn.com/2018/07/12/health/fentanyl-opioid-deaths/index.html>, henta 04.08.18

12 http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/11485/20193286_TD0319444ENN_PDF.pdf, henta 09.08.19.


Anabole androgene steroid – vesentleg auke i talet på beslag

I 2019 blei det gjort 638 beslag av anabole androgene steroid. Det er ein auke på 15 % samanlikna med 2018.

Etter at bruk og innehav av dopingmiddel blei kriminalisert sommaren 2013, var det ein kraftig auke i beslag av anabole androgene steroid i 2014. Spesielt var auken stor i dei minste sakene, det vil seie typiske brukarsaker som blei avgjorde med førelegg. I 2015 gjekk talet på beslag litt ned samanlikna med 2014, men var enno vesentleg høgre enn før lovendringa. Deretter har talet på beslag vist ein aukande trend.


Som i tidlegare år blir det er det beslaglagt både tablettar, kapslar, ampullar, hetteglas og litt reinstoff. Preparat med testosteron blir oftast beslaglagt, dernest trenbolon og nandrolon.

Tal av cannabisbeslag 1. halvår




* Beslag med både hasj og marihuana/cannabisplanter i same sak.


Beslaglagd mengd cannabis 1. halvår (kg)





Tal av beslag MDMA 1. halvår




Beslaglagd mengd MDMA 1. halvår (tablettar)









*) Beslaglagd mengd pulver er rekna om til tablettar med 100 mg verkestoff. Vi har teke utgangspunkt i at pulveret har ein styrkegrad på 85 %. Pulverbeslaga er jamt over svært reine, gjerne med reinleiksprosent >90%.










* Beslag av amfetamin- og metamfetaminbase er omregnet til mengde pulver av normal styrkegrad (30 og 35 % som var normal styrkegrad for henholdsvis amfetamin og metamfetamin i 2013 er brukt for alle årene).











Oversikt over innsende narkotikasaker fordelt på politidistrikta

| Politidistrikt | Tal av innsende narkotikasaker |
|-----------------|--------------------------------|
| Agder | 799 |
| Finnmark | 180 |
| Innlandet | 633 |
| Møre og Romsdal | 513 |
| Nordland | 515 |
| Oslo | 2972 |
| Sør-Vest | 1193 |
| Sør-Øst | 1347 |
| Troms | 466 |
| Trøndelag | 957 |
| Vest | 1156 |
| Øst | 2208 |